



Rektor Løvås skole
Anne Kari Sælensminde
Nordre Fyllingen
5147 FYLLINGSDALEN

Dato: 16.06.2014
Vår ref.: 2014/12157-18
Saksbehandlar: elsaaro1
Dykkar ref.:

Tilskot kompetanseprogram Helsefremjande nærmiljøkvalitetar SFO -Løvås oppveksttun 2014

Vi viser til søknaden dykkar datert 12.06.14. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 55 000,- til prosjektet helsefremjande nærmiljøkvalitetar ved Løvås skole.

UTBETALING

Beløpet vert overført så raskt som råd etter de har fylt ut og sendt inn vedlagt akseptskjema. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetaling skal betalast attende snarast.

VURDERINGSGRUNNLAG

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 516 800,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 8 søknadar innan fristen. Vi ser at vilkår og kriterier for tildeling er oppfylt for dykkar prosjekt, og etter ei samla skjønsmessig vurdering får de tilsegn.

Søknaden er innvilga med slik grunngjeving

Prosjektet er eit prosjekt for å fremje fellesskap, inkludering og meir fysisk aktivitet inne/ute i ein bydel i Bergen med mange grøne lunger. Tydelig målsetting for å fremje eit godt nærmiljø og involvere barn til familiar som står utanfor SFO, saman med borna i SFO for å auke bruk av eksisterande parkområde tilrettelagt for frisbee. Gjennom samarbeid mellom lokal frisbeeklubb, FAU og SFO er målet å auke tilsette sin kompetanse knytt til å bruke tiltaket. Ønsker å involvere FAU. Prosjektet fyller vilkåra som nærmiljøprosjekt. Det langsiktige er at tilsette kan nytte nærområder for å fremje fysisk helse hos borna .

PROSJEKTGRUNNLAG OG ORGANISERING

Målet med prosjektet er i fylgje søknad Nærmiljøtiltak for barna på Løvås SFO, gjennom sporten «frisbeegolv». Kontaktperson for prosjektet: Rektor Anne Kari Sælensminde

Godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune 2014, budsjettområde Folkehelse – midlar frå helsedirektoratet	kr	55 000
Annan finansiering inklusive eigeninnsats og dugnadsinnsats (50%)	kr	35 000
Sum	kr	90 000

Evt: Beskjed om at budsjett ikkje godkjend og nytt må ettersendast før tilsegn utbetalast.

VILKÅR FOR TILSKOT

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen så raskt som mogleg, og seinast **innan 3 veker**.

- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegnsmottakar skal levere rapport og sluttrekneskap som nemnt under.
- Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Midlane skal nyttast i løpet av 2014. Ved ubrukte midlar, ta kontakt innan **30.11.14**.

Rapportering og sluttrekneskap

Seinast innan **10. desember 2014** skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport og sluttrekneskap (sjå vedlegg) samt rapport med måloppnåing til Utviklingsseksjonen ved Hordaland fylkeskommune.

Sluttrapporten skal kort seie noko om fagleg måloppnåing: Sjå vedlagt rapportskjema.

Kontroll

Mottakar av midlane skal gjere greie for interne og eksterne kontroll tiltak som skal sikre korrekt rapportering og måloppnåing (til dømes interne kontroll aktivitetar, intern revisjon, autorisert revisjon/ikkje autorisert revisor). Krav om revisorkontroll fell vekk når tilskotsbeløpet er mindre enn kr 100 000.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement §10.

Klage/innsyn i dokumenta

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for tilskotsordninga er Else-Marie Aarø tlf. 55 37 80 29 e-post else-marie.aaro@hfk.no

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Else-Marie Brobakke Aarø
spesialrådgjevar

Vedlegg: Akseptskjema
Sluttrekneskapsskjema
Fagleg rapportering (grunnlagsdokument for evaluering)

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Linda Guttormsen